



Marita og Kaja saman med instruktør Øyvind Nikolaisen, som er populær blant medlemmene i skulemusikken etter to dirigentperiodar. Dei har lyst til å reisa på sommarkurs også til neste år. (Foto: Thor Inge Døssland)

Norges Musikkorps Forbund sine populære musikkmarkurs er i gang. Medlemmene i Uskedal skulemusikk har dei siste åra vore flittige deltakarar på kursa på Lundeneset vidaregåande skule i Ølensvåg.

Torsdag vart Rødt kurs for aldersgruppa 12-13 år avslutta med flott konsert. I løpet av seks dagar hadde dei 32 deltakarane på kurset øvt inn eit flott og variert konsertprogram. Som alltid på desse avslutningskonsertane, vart vi storvegs imponert over kvaliteten på det som vart framført etter så kort øvingstid. – Dette var berre imponerende. Dei fekk det verkeleg til å svinga, var Tor Jarle Kjærland sin dekkande kommentar etter konserten.

Dotter hans, Marita, var saman med Kaja Døssland dei to deltakarane frå Uskedalen på dette kurset. Begge spelar kornett, og begge har vore på sommarkurs tidlegare – Det var minst like gøy som sist. Kjempegøy å treffa att folk. Og så har vi fått så mange nye venner, var dei to skjønt enige om. At det musikalske hadde vore i gode hender, var og tydeleg. Begge var svært inspirerte no framfor ein ny sesong i skulekorpset!

Musikalsk leiar for kurset var Yngve Nikolaisen, og han skulle vera godt kjend i Kvinnherad. Forutan at han var dirigent for Uskedal Musikklag i sesongen 1985/86, har han i seinare år vore dirigent i Rosendal Musikklag i fleire sesongar. I den dugande instruktørstaben han hadde med seg, var og ein god kjenning av våre musikantar. Son til Yngve, Øyvind Nikolaisen, hadde ansvaret for grovmessingsgruppa. Han dirigerte som kjent, skulemusikken i vårsesongen både i 2005 og i 2006. Mellom anna dirigerte han korpset i NM begge desse åra.

Yngve Nikolaisen kunne før konserten fortelja at han var svært fornøgd med innsatsen og framgangen til dei unge musikantane. – Du må skriva at det er flinke og kjekke unga! Særleg dei frå Kvinnherad, la han litt spøkefullt til.

Leirsjefen, Rune Roness, var og svært fornøgd med den sosiale biten. Som vanleg hadde det vore ulike ballspeltturneringar, andre konkurransar som gjekk både på romorden og litt kunnskap, diskotek og festmiddag for å nemna noko.

– Bading har det vore mindre av i år, men eg er imponert over kor dei har kosa seg sjølv om vi har hatt dårleg ver, sa den svært fornøgde og rutinerte leirsjefen. Han skulle vita kva han snakkar om. Han har vore leirsjef for sommarkursa i Ølensvåg i 7 år, og skal absolutt ha sin del av æra for at deltakarane er så fornøgde med Ølensvåg-kursa.

Noko nytt har dei og prøvt i år. – Vi leigde buss tirsdag og hadde ein miniturnè der vi hadde konsertar i Etne og Ølen. Ja, så var det tid til litt shopping. Det var svært vellukka, og det vil vi anbefala til seinare kurs, var dei to entusiastiske musikkursleiarane samde om.

Eit tydeleg bevis på at dei to og staben deira hadde lukkast fekk vi då deltakarane var klare for heimreise. Avskjedsklemmane er mange, og det vart utveksla forsikringar om at dei skulle møtast til kurs neste år. Som ein sa. – Dei reiser heim sprekkferdige av inspirasjon!

Frå Kvinnherad deltok også kornettistane Renate Røssland og Joar Berg, Husnes skulekorps. Dei var og på kurs i fjor.

Av Thor Inge Døssland



To gode kjenninger for korpsfolk i Kvinnherad: Leirsjef Rune Roness (til venstre) og den musikalske leiaren på kurset Yngve Nikolaisen (dirigent i musikklaget 1985/86)